

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FE-223, FA-U01  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 22.11.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
073/22	Utval for næringsutvikling og drift	07.12.2022

### **Søknad til Næringsfondet - Vestland Bjøllelag SA - Søknad om støtte til forbedret system for sporing i utmarksbeite**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet Søknad om støtte til forbedret system for sporing i utmarksbeite vert tildelt kr 130 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

#### **Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:**

##### **Handsaming:**

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.  
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

##### **ND- 073/22 Vedtak:**

Prosjektet Søknad om støtte til forbedret system for sporing i utmarksbeite vert tildelt kr 130 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

##### **Politisk handsaming**

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

##### **Bakgrunn:**

Vestland Bjøllelag SA er eit samvirkeforetak. Bransje: 77.390 Utleie og leasing av andre maskiner og annet utstyr og materiell ikke nevnt annet sted. Registrert 02.09.2022.  
Kjelde: Proff.no

##### **Saksopplysningar:**

Kring 30 bønder i Alver kommune sender vel 3 000 småfe og ein del storfe på fjellbeite i Stølsheimen. Stølsheimen fjellområde går over fleire kommunar og delar av området er verna gjennom Stølsheimen landskapsvernområde. Beitebruk i Stølsheimen har synt seg å vera tid- og arbeidskrevjande, og enkelte sauebønder har gått over til eller vurderer innmarksbeite i staden. Våren 2022 starta ei gruppe sauebønder i Nordhordland ei prosjektgruppe som skulle jobba for å oppretthalda utmarksbeitinga, gjera tilsyn og sanking meir effektivt i beiteområda, samt redusera tap av dyr på utmarksbeite og å få ei betre oversikt over korleis dyra vandrar i beiteområdet.

Elektronisk overvaking av dyra ville vera ei god løysing og i september 2022 vart Vestland Bjøllelag SA etablert med 8 beitelag. Beitelaga er Nordhordland Beitelag, Søre Steinsland Beitelag, Beinhelleren Beitelag, Eksingedalen Beitelag, Helland Beitelag, Nygård Beitelag, Vik Beitelag og Øvre Eidfjord Beitelag. Bjøllelaget kunne stå for innkjøp, administrasjon og drift av overvakingssystem på tvers av beitelagsgrensene. 90 % av bøndene i laget har Alver som heimkommune:

### Om prosjektet:

Vestland Bjøllelag dekker beiteområda til fleire beitelag i Vestland fylke. Nordhordlandsbøndene har lenge ynskt seg meir bruk av elektronisk sporingsutstyr, men det er for dårleg dekning for mobilsignal i beiteområdet deira. Topografien i Stølsheimen gjer at signal frå mobilsendarane ikkje når inn i beiteområdet. I dette området treng ein sendarar og sporingsutstyr som nyttar smalband signal.

Våren 2022 kjøpt bjøllelaget og beitelaga inn kring 850 radiobjøller av type Telespor Gen4+ og 12 LoRaWAN signalforsterkarar for smal-band system, jamt fordelt i Stølsheimen. Signalforsterkarane vert drivne med eit batteri og eit solcellepanel på kvar lokasjon. Radiobjøllene kommuniserer med mobilapp og gi posisjonsdata til beitedyra i områder der Telenor ikkje gjev dekning. Via systemet kan ein følgje med på kvar beitedyra går, om dyret ikkje er aktivt og det lettar tilsyns- og sankearbeidet. Prosjektet har undervegs justert nokre av basane for å optimalisere signaldekning i området.

Denne beitesesongen har Vestland Bjøllelag SA kjøpt inn 230 nye radiobjøller, og beitelaga i Stølsheimen kopla radiobjøllene sine til bjøllelaget sine basestasjonar, slik at bjøllelaget har hatt oversikt over nesten 1000 einingar. Når systemet er testa ut og evaluert sesongen 2022 vil prosjektet neste år etablere ei vaktordning med overvaking av alle radiobjøller i systemet. Prosjektet vil òg teste ut eit system kalla for Ranger Tracker, ei løysing som kan nyttast på tilsyn og sanking. I 2023 vil ein kjøpe fleire radiobjøller, gjennomføre meir testing av systemet og utvide til andre delar av fylket.

### Prosjektleveranse/Målsetting

Målet til prosjektet er å få best mogleg overvaking av beitedyra i Vestland for å letta og betra tilsyn og sanking. Ein vil forbedra samarbeid på tvers av beitelag innad i bjøllelaget for å redusere tap av dyr på beite og skaffe meir informasjon om korleis dyra vandrar i fjellet.

Så langt ser beitebrukarane enormt gode resultat takka vere systemet. Men systemet er dyrt og laget treng midlar til innkjøp av utstyr. Laget søker no om støtte frå næringsfondet til denne investeringa.

Bøndene som er medlem i bjøllelaget kan leige bjøller for kvar sesong. Kostnaden og arbeidet for den enkelte brukar vil vere lågare enn om ein skal halde og drifte utstyret kvar for seg.

### Prosjektøkonomi:

Prosjektnavn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
<b>Forbedret system for sporing i utmarksbeite</b>	1 948 000	130 000	130 000

### Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til berekraftig næringsutvikling og vekst i eksisterande verksemder i kommunen.

### Vurdering:

Alver kommune ser positivt på prosjektet Vestland Bjøllelag gjennomfører for å skape vidare vekst. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor næringsfondet sine vilkår ved at det viser til tiltak som stimulerer til berekraftig næringsutvikling og samarbeidstiltak innanfor etablert næringsliv.

Vedlegg:

### Vedlegg i saken:

19.10.2022	Soknad-2022-0053	1820547
19.10.2022	Utmarksbeite_Sau_2019	1820548
19.10.2022	Prosjektsøknad Alver kommune 2022	1820549